

Hei,

Takk for eit hyggeleg møte i dag tidleg. Som eg lovte, vil eg prøva å oppsummera nokre konkrete spørsmål til ungdomsrådet.

--

1. Rammer for diskusjonen

Slik ULK vurderer det, er det vi drøftar no kortsiktig(e) tiltak. Diskusjon om Meieriet og kva som evt. skal gjerast/drivast der kjem seinare.

Kommunestyret har vedteke å setja av NOK 200 000,- til fritidsklubb på Frekhaug med fylgjande ordlyd: "200.000 til fritidsklubb Frekhaug. Føresetnad arbeidet må i all hovudsak skje i regi av friviljuge lag og organisasjonar." (Jfr. KS sak 140/2015).

2. Tilbodstype

Det har vore drøfte to ulike typar tilbod; Eitt like etter skuletid (å la Salto), og eitt som meir "tradisjonell" fritidsklubb. Det er fint om ungdomsrådet kan seia noko om kva for eit av desse tilboda som er aktuelle (om det berre er eitt/prioritering mellom dei to/begge like aktuelle).

3. Samarbeid

Dersom eit etter skulen-tilbod er aktuelt, er fint om ungdomsrådet kan seia noko om evt. samarbeid med Møteplassen. (Salto starta i si tid som eit samarbeid mellom kyrkja, politiet og senterforeininga i Knarvik).

Dersom ein ynskjer eit kveldstilbod er fint om ungdomsrådet kan seia noko om korleis ein ser for seg samarbeid med lag og organisasjonar og evt. kven ein ser for seg samarbeid med (Ungdomslaga, Frekhaug Indremisjon, kyrkja, m.fl.)

4. Lokale

Kvar ser ungdomsrådet for seg at ein kan halda til? Dersom det er ettermiddagstilbod, kan ein då vera i Nordgardsløa, i samarbeid med Møteplassen? Er lokalet over Max treningsstudio aktuelt til dette?

Dersom ein ser for seg kveldstilbod: Kan ein bruka lokalet over Max treningsstudio? Kan ein sjå fo seg å vera i eit anna lokale som er egna, t.d. eit av ungdomshusa? Korleis passar lokale saman med resultatet frå spørjeundersøkinga (og f.eks. dei aktivitetane ungdommane svara at dei ville ha der)?

Er det gitt at ein skal halda til fast på Frekhaug, eller er det andre stader i kommunen som er aktuelle (t.d. Rossland)? Kan ein flytta rundt frå gong til gong?

5. Pilot

Når spørsmåla over er svara på, kan ungdomsrådet sjå for seg å vera med på eit pilotprosjekt i haust der ein prøver å arrangera ein eller fleire arrangement for å læra frå det? Kva vil ungdom faktisk møta opp på? Kva aktivitetar "slår an"?

—

Dersom ungdomsrådet kunne gje svar på nokre av desse spørsmåla, så vil det vera lettare å koma vidare i prosessen.

Mvh

Stian

--

Stian Lavik,
Medlem i kommunestyret
Nestleiar i Utval for levekår (ULK)
Medlem i Eldrerådet
Kontaktperson for Ungdomsrådet
GSM: (+47) 413 113 00
E-post: stian@lavik.com

--

Innholdet i denne e-posten er berre meint for dei som den opprinneleg er adressert til, og kan vera tenkt halden hemmeleg for andre. Om du skulle ha fått denne e-posten ved en feil, ber eg om at du sender han i retur til meg (og fortel meg kvar du har fått han frå), og deretter slettar han frå din e-postkonto/e-postklient. Takk på førehand.